

# Regional planstrategi 2013 – 2016

## Analyse og utfordringsdokument

### **1 Innhold**

2	Innleiring.....	3
3	Regionale planar / fylkes(del-)planar.....	4
	Gjeldande regionale planar.....	4
	Pågående planarbeid.....	7
	Bruk av plan til samhandling og utøving av politisk handlingsrom på regionalt og lokalt nivå.....	8
	Planutfordringar vidare .....	9
4	Demografi og folketalsutvikling.....	10
	Folketalsutviklinga .....	10
	Forventningar om utvikling av folketalet framover.....	11
5	Helsemessige og sosiokulturelle tilhøve.....	13
	Generelle trekk .....	13
	Sosiale tilhøve .....	13
	Helse- og trivsel .....	14
6	Utdanning, kompetanse og FoU.....	16
	Utdanning og flytting .....	16
	Utdanning og skulestruktur.....	16
	Kompetanseutvikling / Utdanning/Rekruttering.....	16
	Forsking .....	17
7	Kultur.....	18
	Kultur i ein samfunnsmessig samanheng .....	18
	Arena for aktivitet og utøving av kunst og kultur.....	19
	Kulturarv .....	20
	Utfordringar framover i plansamanheng.....	21
8	Samferdsle .....	22
	Fylkeskommunen som heilskapleg transportpolitiske aktør .....	22
	Riksvegnettet .....	22
	Fylkesveg .....	22
	Kollektivtrafikk/skuleskyss .....	23
	Regional luftfart .....	23
	Sjøtransport .....	24
	Klimautfordring og samferdsle.....	24
	Planutfordringar knytt til samferdsle .....	25



9	Næring .....	26
	Næring som indikator for utvikling.....	26
	Komparative fortynn .....	26
	Kulturnæringer .....	27
	Landbruket.....	27
	Utfordringar for vidare utvikling.....	27
10	Klima.....	29
	Fylkesdelplan for klima og miljø .....	29
	Klima og klimatilpassing.....	29
	Utsleppsreduksjon .....	30
	Klimatilpassing.....	30
	Korleis er fylket tilpassa mogleg endring i energitilgang? .....	30
11	Arealbruk / natur / miljø og ressursforvaltning.....	31
	Arealbruk.....	31
	Stort landskap – små stader.....	31
	Bruk og vern .....	32
	Friluftsliv, vilt og innlandsfisk.....	32
12	Kommunale, interkommunale tema.....	33
	Felles bu - og arbeidsmarknadsområde .....	33
	Kommuneøkonomi .....	34

## 2 Innleiing

Analyse- og utfordringsdokumentet er ein gjennomgang av viktige område for utviklinga i Sogn og Fjordane. Kva er status, korleis har utviklinga vore og kva for utfordringar ser vi framover? Dokumentet skal nyttast som grunnlag for ein diskusjon kring mål og strategiar som skal innarbeidast i ein regional planstrategi.

Etter Plan- og bygningslova skal fylkestinget minst ein gong i valperioden, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein regional planstrategi. Føremålet med planstrategien er å setje fokus på kva for strategiar ein vil velje for vidare utvikling og kva for planoppgåver det er viktig å arbeide med i fylket i valperioden (2012 – 2016).

Analyse- og utfordringsdokumentet er difor eit viktig skritt for å få fram kunnskap om fylket som kan stimulere til gode politiske prosessar og prioriteringar for framtida. Dokumentet er bygd opp kring statistikk og vurderingar som ligg i Fylkesspegele, men supplert med anna informasjon for å fylle ut biletet. I dette arbeidet har vi avdekkat at det finst mykje statistikk, men ikkje alltid statistikk som er retta inn på å gje svar på konkrete problemstillingar og utfordringar. Analyse- og utfordringsdokumentet vil difor ikkje kunne svare på alle spørsmål vi kan stille om utviklinga i fylket, men forsøker å gje eit bilet av situasjonen. Der vi har data har vi brukta desse til å gje meir presis informasjon. Vi har og vald å vere tydelege på kva kunnskap vi manglar fordi dette i seg sjølv er ei viktig utfordring i høve det vidare arbeidet med å utvikle fylket.

Sjølv om eit analyse og utfordringsdokument er eit fagdokument, vil det vere ulike oppfatningar av tema det er viktig å ha kunnskap om. Politikk handlar om verdiar, og kunnskap er eit viktig verktøy for å synleggjere ulike verdimeseige tilhøve. For å få ei meir felles forståing av situasjonen i fylket og utfordringane i åra framover, er det lagt opp til at ein i høyringsrunden skal sjekke ut dei faglege vurderingane og gje rom for å supplere einskildtema, perspektiv og forståing, ut frå andre perspektiv og preferansar. Dette vil i seg sjølv vere ein viktig del av prosessen med å utvikle ein regional planstrategi, fordi den vil gje grunnlag for auka forståing mellom aktørar som kvar for seg kan bidra og påverke framtida.

Ein regional planstrategi er eit nytt verkty i bruk av plan som grunnlag for handling og endring. For å få innsikt i om regional planlegging verkar etter føremålet, og ta dette med som kunnskap i planarbeidet, er det gjort ei vurdering av dagens regionale planar, og korleis dei har vore nytta. Regionale planar skal vere eit verkty både for aktørane i fylket, men også som eit grunnlag for ein målretta dialog med aktørar på kommunalt og nasjonalt nivå. Vi har difor alt i dette dokumentet tatt med ei vurdering av kva utfordringar planarbeidet gjev i høve staten og det politiske handlingsrom det er meint å arbeide innanfor.

### 3 Regionale planar / fylkes(del-)planar

Eit av føremåla med regional planstrategi er å gje ei vurdering av om gjeldande regionale planar må reviderast for å møte dagens utfordringar. I kapitlet har vi gitt ei kort omtale og vurdering av dei ulike planane. Det er og gitt ei kort omtale av regionale planar som er under utarbeiding.

#### Gjeldande regionale planar

##### Fylkesplan 2005-2008, videreført til ut 2012

Fylkesplanen for Sogn og Fjordane 2005 — 2008 er det overordna styringsdokumentet for utvikling i fylket. Kommunane, offentlege etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar har i fellesskap utvikla strategien under leiing av fylkeskommunen. Det er også denne regionale partnarskapen som har arbeidd med strategiane gjennom felles program og konkrete prosjekt.

Fylkesplan har tittelen “Vegen vidare for Sogn og Fjordane” med eit overordna mål om å “oppretthalde folketal og busetnadsmønster”. Det vart lagt vekt på:

- Verdiskapinga – å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte
- Bu og leve – å skape seg eit rikt og meiningsfylt liv der god helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar.

Grunnlaget for dette skulle leggast gjennom:

- God infrastruktur
- Ei utvikling i berekraftig retning
- Vekt på kultur og identitet
- Kompetanse

Måla skulle ein nå ved å satse på: Industrien, Mangesysleri og småskalaverksemd, Sjøretta aktivitetar, Nye næringar/tenester, Folkehelse og livsutfaldning, Ungdom og Folkestyre/medverknad. Gjennomføringa vart organisert gjennom dei årlege budsjetta og ved etablering av eit felles regionalt utviklingsprogram (RUP) med fem programområde:

- Fiskeri og havbruk
- Opplevingsnæringar
- Entreprenørskap og nyskaping
- Folkehelse
- Fornying av offentleg sektor og IKT

Fylkesplanen vart utarbeida i 2004 og skulle verke for perioden 2005 – 2008 med årlege evalueringar og justeringar. For å vente på endringar i plan- og bygningslova og forvaltningsrevisjonen, vart fylkesplanen forlenga fleire gonger. Sist til ut 2012 gjennom vedtak av FT ved handsaming av fylkesplanmeldinga i juni 2010.

Fylkesplanmeldinga (FT sak 25/10, 08.06.10) ga ei vurdering av fylkesplanen og fann behov for å gjere endringar i organisering og presisere nokre prioriteringar. To av programområda (Opplevingsnæringar og Fiskeri og havbruk) vart vedteken avslutta 31.12.10. Det vart og presisert at ein i siste del av fylkesplanperioden i tillegg skulle vektlegge følgjande:

- Heilskapleg og koordinert tilnærming gjennom innovasjon, samhandling og omstilling.

- Sterkare fokus på bu og leve, folkehelse, samt kople organisasjonslivet tettare på oppfølginga av fylkesplanen.
- Kommunane skal vere ein sentral arena for oppfølging / lokal samfunnsutvikling.
- Sterkare satsing på senterutvikling for mellom anna å sikre god tilgang til arbeidsplassar som krev høgare utdanning.
- Sterkare satsing på arbeidsplassar som krev høgare utdanning
- Utvikling av regional politikk for innvandring.
- Tyngre økonomisk oppfølging av klimaplanen.
- Utvikling av kunnskap om samfunnsutviklinga og setje dagsorden for samfunnsdebatten.

#### Vurdering

Fylkesplanen og dei tilhøyrande handlingsplanane har nokre målformuleringar knytt til generell samfunnsutvikling som er vanskeleg å etterprøve. I planperioden har utviklingsarbeid som ikkje direkte er avleia av fylkesplanen har vorte meir omfattande, både gjennom lokale og regionale initiativ, men og gjennom sentralt initierte utviklingstiltak. Dette har auka behovet for koordinering av utviklingsarbeidet. Konklusjonane om trøng for nye grep og satsingar, som kom fram i fylkesplanmeldinga og er lista opp over, vert teke med inn i drøftingane om regional planstrategi.

#### **Regional plan for vindkraft, vedteke 2011**

Målet med planen er å legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

Operative mål:

- Kartlegge resursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylke. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser.
- Samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i moglege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningsliner som sikrar at desse verdiene vert teke tilfredsstillande omsyn til ved handsaming av konsesjonssøknader. Retningslinene skal medverke til å minimalisere ueheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfold, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

#### Vurdering

Planen vart vedteken av FT i juni i år, og det er for tidleg å gje ei vurdering av kva rolle og funksjon planen vil få vidare.

#### **Idrett og friluftsliv 2010-2013**

Det overordna målet med planen er utforma som ein visjon:

*"Alle innbyggjarar skal kunne drive fysisk aktivitet etter eigne ønskje og føresetnader, på allment tilgjengelege område, i naturen og elles i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur."*

Operative mål:

- Trekke opp mål for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse
- Trekke opp retningsliner for dei store anlegga som skal byggjast med tilskot frå spelemidlane, utarbeide handlingsprogram for 2010 – 2013 og langtidsprogram for 2014 – 2020.
- Gje føringar og kome med innspel til aktørane (fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunane og organasjonane) sitt arbeid på planområda.

#### Vurdering

Det er etablert gode rutinar for rullering og samarbeid med kommunar, lag og organisasjonar. Planen vert nytta som grunnlag for prioritering og tildeling av spelemidlar. Planen vert og nytta som fylkeskommunen sitt grunnlag for uttale til kommunale planar og i vurdering av andre prosjekt og tiltak inn mot fagområda planen omfattar.

### **Fylkesdelplan for klima og miljø, vedteke 2009**

Det overordna målet med planen er at “Sogn og Fjordane fylke skal ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030” og “Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje byggje ny sårbarheit inn i samfunnet”.

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedtatt i Fylkestinget mars 2009. Planen omfattar utsleppsreduksjon både frå forbruk og produksjon, samt klimatilpassing. Planen gir konkrete tiltak for utsleppsreduksjon og klimatilpassing innanfor mange ulike sektorar i fylket som mellom anna transport, industri og offentleg sektor generelt. Hovudstrategiane i planen er omtala i kapitlet om Klima.

### **Fylkesdelplan for landbruk, vedteke 2002**

Det overordna målet med planen er *“Eit attraktivt landbruk i heile fylket som opprettheld sin noverande relative del av matproduksjonen i Noreg, tryggjer busetting og held ved like og fornyar kulturlandskapet”*.

Fylkesdelplanen for landbruk målber at den nasjonale landbrukspolitikken i sterkare grad må legge til rette for det multifunksjonelle småskalalandbruket som ein viktig del av ei heilskapleg samfunnsutvikling og naturressursforvaltning i vårt fylke. Dette betyr at ein ser ut over den rolla landbruket har som produsent av mat og fiber, og ser på kor viktig rolla er for fellesgoda som rekreasjon, biologisk mangfald, kulturlandskap og kulturarv, og kor viktig dette er for å ha levande bygder gjennom sysselsetting og busetting.

### Vurdering

Som det går fram av fylkesspegen greier vi ikkje å nå desse måla. For å oppnå målsetjingane i planen er vi avhengige av nasjonale og internasjonale inntekts- og rammevilkår som er tilpassa eit multifunksjonelt distriktslandbruk. Dette er eit generelt statleg ansvar som ein tematisk regional plan for landbruket kan gjere lite med, ut over å legitimere ei felles politisk vilje til å stille krav om endring av rammevilkåra for distriktslandbruket. Både fylkeskommunen og Vestlandsrådet har stilt slike krav i innspel til ny landbruksmelding.

Planen inneheld også ei rekke tiltak der det er eit visst handlingsrom og der dei regionale partnarane har fått tildelt ansvar for oppfølging. Det er utarbeidd tiltak med oppfølgingsansvar, men det er ikkje gjort ei systematisk etterprøving av om tiltaka er gjennomført og kva effekten har vore.

Men planen inneheld også ei rekke tiltak der det er eit visst handlingsrom og der dei regionale partnarane har fått tildelt ansvar for oppfølging. Fylkeskommunen som regionalpolitisk styresmakt skal følge opp ei rekke krav som er stilt til staten, medrekna utvikling av Aurland jord- og hagebruksskule som eit nasjonalt senter for økologisk landbruk.

Fylkeskommunen sin årlege pris til iderike bygder er også heimla i fylkesdelplanen.

Det er ikkje gjort ei systematisk etterprøving av om alle tiltaka er gjennomført og kva effekten har vore.

### **Fylkesdelplanen for Naustdal/Gjengedal 2001 (2009)**

Dette er ein felles fylkesdelplan og verneplan for fjellområdet rundt Naustdal og Gjengedal vassdraget i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde. Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart vedtatt verna gjennom kongeleg resolusjon i statsråd i 2009. I fylkesdelplanen ligg det retningslinjer for arealforvaltninga i stølsdalane inn mot verneområdet og eit eige kapittel om næringsutvikling i området.

### Vurdering

Planprosessen vart gjennomført med ei styringsgruppe der ordførarane i dei 4 kommunane deltok saman med fylkesordførar og fylkesmannen sjølv. På denne måten ville ein sikre ei større grad av lokal forankring og konfliktløysing i statlege initierte verneplanar.

I 2010 løvvde staten 10 millionar til næringsutvikling i området.

I 2011 har staten gjennomført ei endring av forvaltningsregima i alle dei statlege verneområda med lokale styringsgrupper der kommunane og fylkeskommunen deltek med politisk valde medlemmar.

### **Fylkesdelplan for arealbruk 2000**

Planen gjev uttrykk for fylket sine overordna, eller samanfatta, politiske synspunkt på kva som bør ligge til grunn for arealdisponeringa i fylket m.a. basert på ei rad stortingsmeldingar om berekraftig naturressursforvaltning og distriktpolitikk. Fylkesdelplanen viser ikkje ei detaljert arealdisponering i fylket, men peikar på kva omsyn fylke, stat og kommunar bør og skal ta i arealplanlegginga her i fylket. For å gjere planen mest mogleg operativ for kommunane i deira planlegging, vart det i etterkant laga ei sjekkliste med retningslinjer for arealforvaltninga. Det er og laga oppdaterte digitale temakart i Fylkesatlas. Gjennom dette har kommunane frå 2003 fått eit godt hjelpemiddel til bruk i arealplanlegginga.

### Vurdering

Tilskotsordningane for tettstadutforming og strandsoneanalyse er heimla i planen. Det har kome til fleire nasjonale mål og forventningar til arealforvaltninga etter at planen låg føre i 2000. I tillegg er naturvernlova erstatta av naturmangfaldlova og kulturminnelova er endra. Der ein har sett at fylket har hatt særleg store utfordringar og eit aukande press på og ønske om utbygging av ressursane, har dette vorte møtt med eigne regionale planar. Ved ein eventuell revisjon av regional arealplan, må det takast utgangspunkt i desse. Klima og miljø, utanom biomangfald og arealforvaltning, er i liten grad med i gjeldande plan. I 2009 fekk vi eigen klima og miljøplan som er det retningsgjevande dokumentet for desse tema. Ein eventuell revisjon av arealdelen må konkretisere kva dette har å seie for arealbruken. Utfordringane har for ein del tema endra seg. Men dei overordna måla og retningslinene er framleis i stor grad relevante. Det er behov for å rullere planen i høve nasjonale føringer i stortingsmeldingar og ny planlov.

Ved vurdering av behov for revisjon av arealdelen er det viktig å legge vekt på område der planen kan utnytte handlingsrommet til å nyansere ein statleg politikk.

### **Pågående planarbeid**

Det er under utarbeiding ei rad regionale planar med basis i statlege føringer. Planarbeidet vil søke å ta inn utfordringar som kjem fram som del av arbeidet med regional planstrategi.

### **Regional plan for vasskraft 2011**

Målet med planarbeidet er å samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mogleg utbyggingsområde. Planen skal fastsette retningslinjer som sikrar at desse verdiane vert teke omsyn til, ved handsaming av utbyggingstiltak etter vassdragslovgjevinga og plan og bygningslova. Planarbeidet skal også på eit overordna nivå synleggjere dei positive verknadene av vasskraftutbygging. Aktuelle retningslinjer skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar

av vasskraftkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

### **Regionale planar for villrein**

Planarbeidet er ei konkret tinging frå Miljøverndepartementet, og det er sett av midlar til arbeidet. Hovudformålet med planlegginga er å kome fram til langsigtige og heilskaplege strategiar for forvaltninga av viktige fjellområde for villreinen. Dette gjeld alle dei nasjonale villreinområda og fylket samarbeider med aktuelle nabofylke i dei ulike områda. Det er under utarbeiding plan for Ottadalen villreinområde og for Nordfjella villreinområde.

### **Regional forvaltningsplan for vassområde Sogn og Fjordane**

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk frå 2010 forvaltningsansvar for Sogn og Fjordane vassregion, som i stor grad følgjer fylkesgrensa (nedbørsgrensene). Det skal utarbeidast forvaltningsplan for alle vassområda i heile fylket i medhald av EUs vassdirektiv. Planane skal vedtakast som regional plan etter plan og bygningslova. Fylkesmannen vil framleis ta hovudansvar for fagleg innhald, mens fylkeskommunen skal ha ansvar for plan- og prosessdelen.

Det er vedteke forvaltningsplan for Vestlandet med Vassområde Stryn, der ein no jobbar vidare med oppfølging gjennom handlingsprogram.

### **Bruk av plan til samhandling og utøving av politisk handlingsrom på regionalt og lokalt nivå**

Dei seinare åra er det gjennomført viktige reformer for å styrke det regionale og lokale folkestyret. Intensjonen med Forvaltningsreforma var å flytte makt frå administrasjon til politisk styring. I ny plan- og bygningslov av 2009 er det lagt til grunn at lova skal vere ein reiskap for folkevalde organ til å styre utviklinga innanfor sine område. Sjølv om lova lister opp ei rekke oppgåver og omsyn i planlegginga er det lagt til grunn at innhald og omfang skal vere nyttig og tilpassa økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring regionalt og lokalt.

Staten har sjølv sagt eit legitimt behov for å sette i verk nasjonal politikk innafor prioriterte område. For å bidra til dette, kjem det frå ulike statlege organ til dels omfattande og detaljerte forventningsdokument, utan dialog med det regionale og lokale nivå. Utfordringane for fylket vil vere å finne regionale og lokale svar på den statlege politikken. Skal ein løyse utfordringane, er ein avhengig av ei felles forståing og ein felles vilje til å utnytte desse handlingsromma.

Samarbeid i likeverdige partnarskap har dei siste åra vunne fram som ein viktig metode for å få til ein meir optimal og handlingsorientert planlegging<sup>1</sup>. Derfor er det viktig at staten gjennom sine forventningsdokument knytt til kommunale og regionale planstrategiar, ikkje vert generelle statlege styringsinstrument ovanfrå og utan dialog. Ein bør legge opp til ein styringsdialog mellom likeverdige partar som ein del av prosessen for å utarbeide denne typen dokument. Samstyring og partnarskap som staten elles legg til grunn for aktørane i regional- og distriktpolitikken tilseier at desse forventningane bør gå begge vegar. Difor er det viktig at ein alt i analyse- og utfordringsdrøftingane har ein god dialog med staten. Føremålet må vere Målet er å få ei felles oppfatning av kva som er situasjonen og korleis ein kan nytte statlege, regionale og lokale verkemiddel saman på ein best mogleg måte for å møte utfordringane.

---

<sup>1</sup> See for eksempel Stortingets informasjonsark 2009 nr. 100, «Samstyring og partnarskap».

## **Planutfordringar vidare**

Utarbeiding av nye regionale planar (fylkesdelplanar) vil bli vurdert som ein av fleire strategiar i utforminga av regional planstrategi. Dette kan skje på nye tematiske eller geografiske felt med utgangspunkt i statlege føringar/direktiv, eller ut frå fylkespolitiske initiativ. Den nye planlova og forvaltingsreforma aukar ytterleg breidda på tema som fylkeskommunen må handtere gjennom den regionale planlegginga.

## 4 Demografi og folketalsutvikling


### Folketalsutviklinga

Urbaniseringa og sentraliseringa går sin gang, globalt som nasjonalt og lokalt, og i Noreg har det vore slik i om lag 200 år. I perioden 1990 til 2009 hadde alle fylka folketalsnedgang i spreiddbygde strøk og folketalsoppgang i tettbygde strøk.

Folketalsauken i landet har vore sterkt i siste åra. Talet på innbyggjarar har auka med 8,5 % på landsbasis. Ni fylke har hatt ein folketalsvekst som er større enn landsgjennomsnittet, tre fylke har hatt folketalsnedgang; Sogn og Fjordane, Nordland og Finnmark. Fylke med mykje spreidd busetnad har hatt den svakaste folkeauken.

#### Folketalsutvikling dei siste tre åra

Dei tre siste åra ser vi derimot ein annan trend i vårt fylke. Sidan tredje kvartal 2007 har folketetalet i fylket auka med om lag 1500 personar, og pr. 01.01.11 var folketetalet 107.742. Vi ser at den viktigaste enkeltfaktoren som bidreg til det er innvandring frå utlandet. Netto innvandra i perioden er 3 352 personar. At det ikkje har blitt større folketalsvekst skuldast at svært mange flytter frå fylket til andre deler av landet. Til saman har det gjennom innanlands flyttingar reist 2520 personar frå fylket dei same tre åra. Internasjonalt har flytting over landegrensene auka monaleg over lang tid. Det er forventa at denne auken vil vare ved og at prognosar for folketalsvekst må justerast for å ta høgde for dei nye flyttemønstra.



Av figuren over ser vi og to andre trendar: Netto innanlands flytting er redusert med omlag 25-30 %, og at folketalsveksten er sterkt (aukande) gjennom desse åra. Dette kan indikere at vi har snudd ein trend, og at tiltak for å styrke innanlandstilflytting, tilbakeflytting og tiltak for å hindre utflytting har hatt effekt. Eller det kan vere eit teikn på at vi har blitt meir attraktive for eigne innbyggjarar som veks opp her, og for personar som ynskjer å flytte på seg.

Internt i eige fylke flyttar folk mot sentrum. Dette kan sjåast på folketalsutviklinga på granskretser, som viser at dei aller fleste kommunar har vekst i sentrumskretsane, medan folketetalet i dei ytre granskretene som trend går tilbake. Ei slik utvikling skjer i heile landet. I tillegg fell dette saman med ei bevisst satsing i vårt fylke på å styrke sentrumsområda i kommunane og styrke attraktiviteten gjennom ei målretta satsing på kulturtilbod.

Nasjonalt og internasjonalt har flyttemønsteret endra seg dramatisk dei siste åra, noko som speglar seg i at SSB slit med å gje gode framskrivingar av folketalsutviklinga.

### **Forventningar om utvikling av folketalet framover**


Fylket ønsker folketalsauke, men kjempar mot sterke sentraliserings- og flyttemønstre der straumen i hovudsak går søraustover og mot dei store byane. Ved målretta bruk av nasjonale, regionale og lokale verkemiddel vil ein til dels kunne motverke slike trendar. Vi ser mellom anna at ulike kommunar har ulik utvikling i flyttemønsteret innanlands og at nokre kommunar har klart å snu eller vesentleg redusert ein negativ flyttestraum.

Folketalsutviklinga i fylket som heilskap er prega av at fylket ikkje har nokon stor eller mellomstor by. Ein stor del av innbyggjarane bur i typiske distriktskommunar med ei flytte- og folketalsutvikling som i stor grad følgjer mønstra for periferikommunane i landet elles med svak folketalsutvikling.

NIBR har laga ein framtidssanalyse for fylket som viser at det kan bli vanskeleg å få folketalet til å bli særlig høgre enn 107.000–108.000 i løpet av det komande tiåret. Dei meiner at berre ei svært kraftig innvandringsbølgje kan gjere ein slik påstand til skamme. Av utviklinga dei tre siste åra ser vi at innvandringa har auka for kvart år. Samtidig med at fylket i same periode har klart å redusere den innanlandske flyttinga, har folketalsveksten dei siste åra difor vore aukande og i 2010 var den på 764 personar. Folketalet i fylket er no på det høgste nokon sinne, men vår del i høve resten av landet er dalande, fordi veksten i resten av Noreg er vesentleg større.


### **Gjennomsnittsalder i kommunane**

Gjennomsnittsalderen i befolkninga i Noreg er 39 år. Figuren viser gjennomsnittsalderen i alle kommunane i fylket. 7 kommunar i fylket har ein gjennomsnittsalder som er under landsgjennomsnittet. Dette er dei same kommunane (utanom Hornindal) som kan vise til folketalsvekst dei siste ti åra. Dei andre kommunane har ein gjennomsnittsalder som er høgare enn landsgjennomsnittet.



### Eldrefylket i landet

Alle kommunane i fylket, unntake fire, har høvesvis svært mange eldre. I hovudsak skuldast dette at folk i fylket lever lenge. For mange kommunar heng dette og saman med at rekrutteringa av unge vaksne i det lange løp har gått ned. Kombinasjonen av disse to fenomena gjev fylket status som landets eldrefylke. Førde er den einaste kommunen med svært ung befolkning. Innslaget av personar over 75 år er meir enn ein tredel lågare enn i landet elles. I tillegg hadde tre andre kommunar ved utgangen av 2008 lågare innslag av eldre enn landsgjennomsnittet (Sogndal, Flora og Eid). Som ein femte kommune med mykje lågare eldreovertak enn dei andre, finn vi Naustdal. Dei andre nabokommunane til Førde skil seg mindre ut frå kommunane i fylket elles. I dei andre 21 kommunane har dei fleste sterkest overvekt av dei aller eldste. Ein alt eldre befolkning ser ut til å bli eldre. Mange kommunar i fylket vil få ein betydeleg auke i talet eldre dei neste 20 åra, men det er store variasjonar frå kommune til kommune.



### **Innvandring**

Arbeidsinnvandring er den dominerande innvandringa i fylket og er ein avgjerande faktor til folketalsauken. Noko av dette kjem av næringslivet sine behov og evne til å hente kvalifisert arbeidskraft utanfrå. Ein del er og knytt til bevisste lokale strategiar for å rekruttere nord-europearar med familie til eigen kommune eller område. Noreg og Sogn og Fjordane er i tillegg ein del av ei stor global migrasjonsbølge. Både klimaendringar, matvarekrise, fattigdom, demokratioppør og behov for kunnskap og arbeid har gjort verda til ein motorveg av menneske på flyttefot.

Sysselsetjing og permanent busetnad av flyktingar/asylsökjarar er lav i fylket, og vi klarar med det ikkje å gjøre oss nytte av den ressursen dei ulike innvandrargruppene representerer. Med det store talet på utanlands innvandring, representerer dette store moglege ressursar. Men det fører og til store utfordringar i form av auka behov for integrering, busetnad, permanent arbeid, og målretta førebyggande arbeid, fordi helseutfordringane er noko annleis enn for etnisk norske.

## **5 Helsemessige og sosiokulturelle tilhøve**

### **Generelle trekk**

Sogn og Fjordane skil seg positivt frå landet når det gjeld dei fleste indikatorane på helse og sosiale tilhøve. Det er difor framleis grunn til å nyte omgrepene trivselsfylke. Det er ikkje store sosiale skilnader og vi har unngått ein del sosiale problem som kan kjenneteikne store byar og tettstader. På mange område har vi greidd å halde på dei gamle vestlandske normene.


Samanlikningar som Folkehelseinstituttet lagar viser betre helsetilstand og risikoprofil enn landet elles.

### **Sosiale tilhøve**

I Sogn og Fjordane tok 16,7 prosent av befolkninga i yrkesaktiv alder (16 – 66 år) i mot dagpengar under arbeidsløyse, arbeidsavklaringspengar og uførepensjon. Det tilsvarande talet for landet totalt er 20,1 prosent. Låg arbeidsløyse over mange år, og god helsetilstand i fylket, bidreg til relativt låge utbetalingar til arbeidsrelaterte ytingar og sosialhjelp. Det er likevel interne

skilnader mellom kommunane. Det er og ei veksande utfordring å gje vaksne utanfor arbeidsmarknaden og ei veksande gruppe pensjonistar eit meiningsfylt tilvære.

## Nokre indikatorar for tilstanden i Sogn og Fjordane samanlikna med landet.




I Sogn og Fjordane er 2,6 prosent av befolkninga rekna som fattige samanlikna med 4,4 prosent for landet totalt. Vi ser også at inntektsfordelinga er jamnare i Sogn og Fjordane enn i landet elles.

12,3 prosent av borna under 16 år i Sogn og Fjordane bur enten hjå far eller mor. Det tilsvarannde talet på landsplan er 15,8 prosent. Dette forholdet speglar seg og i prosentdelen skilde og separerte. Medan 6,4 prosent av vaksne under 60 år er skilde eller separerte i Sogn og Fjordane gjeld dette 9,2 prosent på landsbasis.

Ein mindre del av befolkninga i Sogn og Fjordane (16,9 %) har høgare utdanning enn i landet som gjennomsnitt (20,6 %), dvs utdanning utover vidaregående opplæring. Noko av denne skilnaden skuldast at befolkninga i Sogn og Fjordane er eldre enn landsgjennomsnittet, fordi eldre har lågare utdanning enn yngre. 5,7 prosent av befolkninga i Sogn og Fjordane er 80 år eller eldre. Dette er 1,2 prosenteiningar høgare enn landsgjennomsnittet.

### Helse- og trivsel

Sogn og Fjordane peikar seg ut som eit fylke der befolkninga har gjennomgåande god helse. Likevel har vi, som i resten av landet, helseutfordringar knytt til livsstil, levekår og psykososiale tilhøve.



Figuren viser avvik (i prosent) mellom Sogn og Fjordane og gjennomsnittet for Noreg. Verdiar som ligg innanfor den blå ringen er eit teikn på betre helsetilstand og betre risikoprofil enn i landet elles (bortsett frå delen eldre).

Forventa levealder for befolkningssgruppa som har fylt 65 år har auka. Dette er svært positivt, men gjev oss store utfordringar fordi eldre menneske er storbrukarar av helsetenester. Førebyggande og helsefremmende arbeid er viktig for å redusere perioden/åra med behandling og pleie. Dette er ei utfordring vi deler med andre, m.a. har EU gitt høg prioritert til førebyggande arbeid retta mot eldre.

Sjølv om vi er betre enn landsgjennomsnittet på dei fleste helsemål, ligg vi tett opp mot gjennomsnittet når det gjeld diabetes type 2, kreft og hjarte-/karlidinger.

Folkehelsearbeidet er prega av systematisk oppfølging, sektorovergripande innsats og planforankring. Ny folkehelselov gjev kommunane auka krav til førebyggande innsats i alle sektorar. Samhandlingsreforma vil krevje stor innsats på meir omsorgsprega helsetenester, og det blir viktig at ein ikkje misser det førebyggande perspektivet i det lokale og regionale arbeidet. At vi i Sogn og Fjordane har ei betre folkehelse enn landsgjennomsnittet, kjem ikkje av seg sjølv.

<http://www.forskning.no/artikler/2011/mai/289138>

### Utfordringar til regional planstrategi

Dei store utfordringane knytt til helse og sosiale tilhøve vil i åra framover vere knytt til:

- Ein stadig auke i eldre
- Stort tal innvandrarar med anna helseutfordringar enn etnisk norske
- Førebyggande arbeid knytt til fedme, inaktivitet, diabetes type 2, kreft og hjarte/kar lidinger
- Auka sosiale skilnadar
- Samhandlingsreforma med stort press på kommunane og auka fokus på førebygging
- Krav til oversikt over helsetilstanden og årsak til misstrivsel og uhelse

## 6 Utdanning, kompetanse og FoU

### **Utdanning og flytting**

Til å vere eit fylke utan større byar er utdanningsrekryttinga høg i fylket. Dette er ein gammal tradisjon som og fører med seg store flyttetap over livsløpet for mange kommunar. Av dei som tek den høgaste utdanninga flyttar 85 - 90 prosent på varig basis bort. For 40-åringar finn vi berre 12 prosent av desse att i fylket.

I høve rekrytting til den høgste utdanninga er det spesielt kvinnene som har vaks opp i fylket som tek mykje utdanning. Skiljet mellom kvinner og menn er større enn på landsbasis. Jentene tek skulegang og flyttar mens gutane i større grad overtek næringseigedomar og vert verande. I dei fleste kommunane er ulikskapen i ”bufastheit” mellom kvinner og menn større enn på landsbasis. I fylket som heilskap har 40 prosent av mennene og 22 prosent av kvinnene som er født midt på 1960 talet aldri meldt flytting frå heimkommunen frå dei var 15 til 40 år. På landsbasis er ”bufastheita”, målt på same måte, høvesvis 37 og 27 prosent. Det er altså jentene som i størst grad bidrar til at kjønnsforskjellane i Sogn og Fjordane er større enn i landet som heilskap.

### **Utdanning og skulestruktur**

Grunnopplæringa skal utvikle elevane sin faglege dugleik og læringsstrategi, men og deira sosiale og kulturelle kompetanse, evne til kritisk tenking og medverknad i demokratiske prosessar. Elev- og lærlingundersøkingar viser gode resultat med omsyn til læringsmiljøet i skulane og kvaliteten i opplæringa. Dei nasjonale prøvane viser at elevane i Sogn og Fjordane gjer det betre enn landsgjennomsnittet. Samstundes viser resultata store skilnader mellom kommunane i Sogn og Fjordane. Gjennomføringa i vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane er høg. Gjennomføringa i vidaregående opplæring er høgast i landet etter 5 år, men skorar noko lægre etter normert tid. Nær 99 % av ungdomskullet startar i vidaregående opplæring etter avslutta grunnskule.

Reduksjon i ungdomskulla i åra framover vil krevje at det vert lagt til rette for ein diskusjon om framtidig organisering av vidaregående opplæring og korleis ein kan tilpasse seg dei økonomiske rammene. Prognosane viser at elevtalet i vidaregående skule vert redusert med ca. 20% fram mot 2024. Dette vil krevje eit fokus på kvalitet i opplæringa og gode fagmiljø kopla mot skulestruktur. Framtidig organisering må også vurderast i høve den meirverdi dei vidaregående skulane har i rolla som lokal utviklingsaktør. Framtidig organisering av vidaregående opplæring må tilpassast arbeids- og næringslivet sitt behov for kompetanse, og ungdom sin rett til å velje utdanning.

Ein endra skulestruktur vil kunne gje store samfunnsmessige konsekvensar i dei kommunane som vert råka. Det er behov for å gjere kvalifiserte vurderingar av dei totale samfunnsmessige konsekvensane for å få godt nok grunnlag for å vedta endringar.

### **Kompetanseutvikling / Utdanning/Rekruttering**

Ein nyleg utkomen NOU om kompetansearbeidsplassar viser at veksten i dei kunnskapsintensive bransjane kjem i arbeidsmarknaden rundt Oslo. Mange område slit med å rekruttere og halde på personar i kunnskapsintensive stillingar. Utvalet peikar på behovet for samanheng i sektorovergripande tiltak, retta mot stadard, personar og arbeidsliv. Satsingar som vedkjem samfunnsutviklinga generelt, og arbeidet med næringsutvikling, opplæring og samferdsle spesielt. I meldinga vert det m.a. peika på behovet for ”regionforstørring” fordi stor nok ”kritisk masse” er ein viktig føresetnad for ei satsing på kunnskapsarbeidsplassar. Når det gjeld høgare utdanning og forsking vert det i den nemnde NOU-en teke til orde for sterkare incentiv slik at det skal lønne seg for institusjonane å medverke til regional utvikling.

I 2010 vart det etablert eit regionalt forskingsråd for Vestlandet. Det er for tidleg å seie noko om effektane av dette, men det opnar opp for meir fokus på lokal initiert forsking, både i høve næringsutvikling og utvikling av samfunnet i stort.

Til liks med alle andre næringar må også kompetansenæringane ha ein marknad. Dei store marknadane for slike arbeidsplassar er i byane og i utlandet. I Sogn og Fjordane er marknaden liten. Marknaden i Sogn og Fjordane er dei andre verksemduene, offentlege institusjonar og regionale partnarskapsprogram. Dette er ein marknad dei har til felles med kompetansebedrifter frå andre plassar i landet, og konkurransen er hard.

I ein rapport<sup>2</sup> utarbeida i forkant av førra fylkesplan, vart det teke til orde for auka politisk merksemd på mangesysleriet og den allsidige bygdekompetansen som eit fortrinn for bygdene. Innovasjonsforskarar har peika på betydninga av den praksisnære produktivitetsforbetringa som eit viktig kjenneteikn på innovasjon i Noreg. Bør yrkesfagutdanninga si rolle sterkare fram i arbeidet for regional utvikling?

## Forsking

Ein nyleg utkomen NOU om kompetanearbeidsplassar viser at veksten i dei kunnskapsintensive bransjane kjem i arbeidsmarknaden rundt Oslo. Det er ikkje uventa. I Oslo er det ein sterk lokalmarknad for kompetansebedrifter og FoU. Samstundes er det i Oslo mange slike bedrifter og miljø som konkurrerer i ein internasjonal marknad og gjer det godt. Og samstundes konkurrerer dei på heile den norske marknaden, og med våre kompetansebedrifter.

I 2010 vart Regionalt forskingsfond Vestlandet etablert. Dette fondet skal rettast inn mot dei regionale satsingsområda på Vestlandet, som definert i dei tre fylka som fondet dekker (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Kompetansebedrifter og FoU-miljø på Vestlandet vil nok ha ein konkurransefordel i høve å få midlar frå fondet, sidan dei har ein nærelig til brukarane, men kompetansemiljø og FoU-miljø frå heile verda har tilgang til desse fonda. Det er brukarane som skal kome frå Vestlandet.

Etter to år ser ein at kompetansemiljøa på Vestlandet er med for fullt, men fleire nasjonale miljø er også involverte. For å styrka kompetansemiljøet og FoU-miljøet på Vestlandet, vil både Regionalt forskingsfond Vestlandet, Norges Forskningsråd sin regionale representant og VRI-programmet i Sogn og Fjordane samarbeida tett. Desse FoU-aktørane vil vidare samarbeida tett med Innovasjon Norge, SIVA, fylkeskommunen, mfl.

Ein kritisk suksessfaktor for vekst i kompetansenæringane og FoU-miljøet her i fylket, basert på oppdrag hjå potensielle brukarar (næringsliv, offentlege institusjonar, partnarskapsprogram) her i fylket, er at brukarane etablerer utviklingsarbeidet sitt som langsiktige og målretta satsingsområde, med tydlege rammer og ansvar. Medan dette er vanleg i private bedrifter, er det høgst uvanleg i det offentlege. Det offentlege må såleis gjennomgå ein ”omstillingsprosess” for å vera ein meiningsfull og stor marknad for kompetansebedrifter og FoU-miljø.

I den nye reiselivsplanen for Sogn og Fjordane er slik omstilling gjennomført. Tilbakemeldingane frå FoU-miljøet på planen er positive, og planen er allereie teken i bruk som ”forankring” i FoU-søknader.

---

<sup>2</sup> Høyler, K.G. (2004): Distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane. To innleiingar, ti tesar og ein epilog om utvikling og framtid i eit distriktsfylke. Sogndal: VF-notat 14/2004. Sogndal: Vestlandsforskning.

## 7 Kultur

### Kultur i ein samfunnsmessig samanheng

Sogn og Fjordane er eit rikt kulturfylke. Vi har eit aktivt og mangfaldig kulturliv, og mange flotte kulturminne å ta vare på og vise fram. Kulturfeltet er prega av stort spenn frå nokre store og små profesjonelle aktørar til mange dugnadsbaserte initiativ over heile fylket. Friviljug sektor står sterkt og er ein drivar for mange tilbod. Vår identitet er i sterk grad knytt til våre kulturelle normer, språk, tradisjonar, historie og kulturarv.

Kunst- og kulturfeltet har viktige funksjonar i det å fremje evna til kritisk refleksjon og dømmekraft, utvikle undrings- og endringskompetanse og vere eit viktig bidrag i vedlikehaldet av vårt demokratiske system. Kunst- og kulturopplevelingar er blitt stadig viktigare i dagens samfunn. Fritida er ikkje berre ein arena for konsum av kulturopplevelingar, men også ein arena for deltaking og produksjon. Både formene medfører sosial deltaking og integrering. Instrumentaliseringa av lokal, regional og nasjonal kultursatsing er aukande. Kultur vert nytta for å oppnå mål innan andre delar av samfunnsutviklinga. Dette kan vere stadutvikling, busettning, integrering, næringsetablering og utvikling, helse og omsorg.

Attraktive lokalsamfunn med eit godt omdøme er avgjerande for både befolkningsutvikling, næringsutvikling og kommuneøkonomi. Gode sosiale møtestadar og ulike kulturtilbod skapar attraktive lokalsamfunn, og er avgjerande for kvar folk vel å bu. Jobbmotivert flytting er ikkje så vanleg som tidlegare. Ei heller er tilgang på barnehageplass og grunnskuletilbod avgjerande, då desse tilboda i stor grad er tilgjengelege. Flyttemotivundersøkingar viser at ein i aukande grad legg vekt på familieforhold og stad og miljø når ein flyttar.

Det syner seg i større og større grad at det er dei samfunn som satsar aktivt på kultur som vert mest attraktive å busette seg i. Gjennom si kultursatsing skapar dei seg og eit godt omdøme. Stadig fleire samfunn nyttar kultur som eit ledd i ei ønskt utvikling. Drammen og dei Europeiske kulturbypene Bergen og Stavanger er døme på dette.

### Kulturen sin plass i planverket i Sogn og Fjordane.

På fylkesnivå ligg det føre ein eigen Kulturstartegi 2008-2011 som har staka ut kurs for fylkeskommunen si kultursatsing siste åra. Også Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2010-2013, Strategisk plan for bibliotekutvikling 2010-2013 og Strategiplan for Den kulturelle skulesekken 2010-2014 er styringsdokument for utforminga av den fylkeskommunale kulturpolitikken. Dokumenta gjev også føringar/konsekvensar for kommunal kulturpolitikk i og med at det er stor grad av samhandling mellom fylkeskommunen og kommunane på dei aktuelle områda.

Alle kommunane har godkjende kommunedelplanar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Dette er lovpålagt som grunnlag for søknad om spelemidlar. Nokre kommunar har verneplanar for bygg frå tidleg på 90-talet. I kva grad kultur og kulturminne er del av kommunale planar elles, er svært varierande.

### Kunst og kultur

Kunst- og kulturlivet i fylket er sett saman av den institusjonaliserte kunsten og kulturen, frie aktørar og frivillige grupper. I tillegg kjem frivillige lag og organisasjonar. Også dei kommunale kulturskulane og biblioteka kan nemnast i denne samanhengen.

Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff er alle viktige institusjonar for ein kulturell infrastruktur i fylket. Det same gjeld Musea i Sogn og Fjordane (driftsorganisasjon for Sogn og Fjordane kunstmuseum, De Heibergske Samlinger – Sogn

Folkemuseum/Norsk reiselivsmuseum, Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum og Kystmuseet). Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad har inngått intensjonsavtale om konsolidering med Musea i Sogn og Fjordane f.o.m. 2012. I tillegg finst det fleire private museum og samlingar i fylket.

Dei frie aktørane; dvs enkeltpersonar som livnærar seg som kunstnarar og kulturarbeidarar i fylket er viktige i det samla kulturbiletet. Dette gjeld innan song og musikk, biletkunst, kunsthåndverk, skriving, film, dans, teater, m.m. Vi har pr i dag ingen samla, god oversikt over kva ressurs desse representerer, og kva arbeidsvilkår dei har for utøving av sin kunst her i fylket.

Ei rekke festivalar utgjer ein stor del av kulturlivet i fylket. Dei representerer stor frivillig dugnadsinnsats og tilbyr mange kvalitative gode kunst- og kulturopplevingar.

Kulturskule og bibliotekdrift er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Kulturskulane bidreg til at personar med høg fagleg kompetanse innan kulturfag kan få tilbod om jobb i fylket. Sjølv om Sogn og Fjordane ligg høgt på statistikken på tal plassar i kulturskulane, er utfordringa ventelister og relativt høg eigenbetaling. Innan biblioteksektoren er utfordringa knytt til manglande kompetanse og for ein del kommunar sin del, ueigna biblioteklokale.

### **Det frivillige kulturlivet**

Det frivillige kulturlivet i Sogn og Fjordane utgjer grunnstammen i kulturarbeidet i fylket. Gjennom heilårsaktivitetar tilbyr lag og organisasjonar opplæring, aktivitetar og framsyningar innan heile breidda av kulturuttrykk. Dei mange idrettslagene gjer ein fabelaktig innsats innan sine aktivitetsområde. Organisasjonslivet er også ein viktig demokratisk læringsarena for barn og unge. Så godt som alle festivalar, bygdedagar, temadagar, m.m. er også eit resultat av frivillig dugnadsinnsats. Dette er overskotsinnsats som bidrar til lokal mobilisering, identitetsbygging og omdømme.

Innsatsen på frivillig sektor er ein stor bidragsytar til sosial, økonomisk og kulturell verdiskaping i fylket. Kor stor denne verdiskapinga er, finst det ingen oversikt over. Det finst heller ingen oversikt over korleis samhandlinga mellom frivillige lag og organisasjonar og det offentlege har utvikla seg, og fungerer. Kvalitetsutvikling av kultursatsinga, og stimulering av lokal utviklingskraft gjennom kultur vil vere utfordringar i samspelet mellom det offentlege og kulturaktørane.

### **Arena for aktivitet og utøving av kunst og kultur**

#### **Kulturbygg**

I fylket er det dei siste åra satsa mykje på å utvikle nye funksjonelle kulturbygg. I kommunal regi er Operahuset på Nordfjordeid og Trivselshagen på Sandane gode døme på dette. Også Førdehuset har fått ei naudsynt oppgradering. I Årdal er det på gang opprusting av samfunnshusa, og i Lærdal har kulturhuset fått ei oppgradering i samband med bygginga av Sogn Kunstsenter.

Det er også komme til fleire nye, gode biblioteklokale i kommunane, gjerne i samarbeid med utbygging av skular knytt til vidaregåande opplæring (Eid, Stryn, Gloppen). Mange kommunar slit likevel med små og ueigna biblioteklokale. Eit anna område der det er store manglar på eigna lokale i fylket, er i høve kunstformidlinga. Mange lokale kunstlag gjer ein stor innsats i lite eigna lokale. Også innan musikk (band) og dans er det utfordringar med eigna lokale.

Mesteparten av kulturbygga i fylket vårt er likevel organisasjonseigde bygg; grendahus, ungdomshus, bedehus, m.m. Her er situasjonen svært varierande når det gjeld tilstand og kor

eigna desse er for ulike typar aktivitetar. Mange skular tener også som kulturhus i samband med lokal aktivitet.

Av bygningsmessig tilvekst dei nærmaste åra vil Norsk reiselivsmuseum bli realisert i Balestrand med planlagt opning i 2013. Sogn og Fjordane kunstmuseum vil få sitt nybygg i Førde med opning i 2012/13. Det vert arbeidd for å realisere fellesmagasin for musea og besøkssenter på tusenårsstaden Gulatingsletta.

Utfordringane framover ligg i å kunne utvikle kulturygg som svarar til lokale behov innan aktivitetar som musikk, dans, drama, kunstformidling, bibliotek, m.m. og som kan vere eit løft for det lokale kulturlivet. I den samanheng må det gjerast vurderingar både i høve nybygg, ombygging og sanering av eksisterande bygg.

### **Idretts- og friluftslivsanlegg**

I Sogn og Fjordane har vi om lag 2 100 idrettsanlegg. Av desse er ca. 1300 definert som ordinære anlegg og om lag 700 som nærmiljøanlegg. Vi har mange og gode idrettsanlegg, ikkje minst i høve til talet på innbyggjarar i fylket. Ein av utfordringane i tida framover er at mange av desse anlegga treng oppgradering og tilpassing til dagens behov. Eit døme på slike endringar er fotballbanene i fylket, der stadig fleire fotballbaner med grusdekke har fått nytt kunstgrasdekke dei siste åra.

Når det gjeld skianlegg har vi ei utfordring i forhold til snøsikre anlegg i fylket. I mange tilfelle er skianlegga plasserte på stader som har hatt dårlige snøforhold dei siste åra. Det er ei utfordring å sikre at ein har snø i anlegga i sesongen, anten ved at dei er plasserte på stader med gode naturlege snøforhold eller at det er mogeleg å dekkje behovet ved produksjon av kunstsno.

I Sogn og Fjordane har vi ingen isanlegg, verken utandørs eller innandørs. Desse anlegga er svært aktivitetsskapande og vil vere eit viktig tiltak for auka fysisk aktivitet blant innbyggjarane i fylket. Ei anna stor utfordring er å få kommunane til å samarbeide om interkommunale anlegg i tilfelle der det ikkje er brukargrunnlag for store og kostnadskrevjande anlegg i kvar enkelt kommune. Det er viktig å legge til rette for at det finst tilpassa aktivitetسانlegg i tilknyting til barnehagane og grunnskulane i fylket. Mange skular manglar slike anlegg, noko som kan verke aktivitetsdempande i høve born og unge.

Det er eit overordna mål at det skal vere gratis tilgjenge for born og unge under 19 år til alle offentlege anlegg, og til idrettsanlegg som vert bygde med tilskot frå spelemidlane. I Sogn og Fjordane slit mange lag og organisasjonar med høge husleiger i hallane, noko som kan verke aktivitetshemmande.

### **Kulturarv**

Sogn og Fjordane er eit fylke rikt på kulturminne. Kulturarven er sterkt knytt til vår identitet. Kulturarv har i dei seinare åra fått større merksemd som økonomisk, sosial og kulturell faktor ved samfunnsutviklinga. Det er brei semje om at kulturarven er viktig for verdiskaping i samfunnet. Kulturminne og kulturmiljø må difor i større grad takast i bruk for å utvikle gode lokalsamfunn. For Sogn og Fjordane finns det ingen samla oversikt eller verdivurdering av kulturminne av regionale verdi. Freda bygg og automatisk freda kulturminne er per definisjon av nasjonal verdi og desse er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. For å få ei tilsvarende oversikt over kulturminne av regional verdi, vil det vere behov for utarbeiding av ein eigen fylkesdelplan for kulturminne. Ein slik plan vil vere eit godt styringsreiskap både for den regionale og lokale kulturminneforvaltninga.

Kommunane, som skal forvalte dei verneverdige kulturminna, manglar både kulturminnefagleg kompetanse, oversikt over eigne kulturminner og verkty til å ivareta sitt ansvar. Det er difor behov for ordningar og verkemiddel som stimulerer kommunane til å setje i gang lokalt registreringsarbeid, utarbeide kulturminneplanar og bygge opp kommunal kompetanse på kulturminnefeltet.

## Utfordringar framover i plansamanheng

For å kunne skape strategiar, satsingar og tiltak som samsvarer med korleis ein ynskjer å utvikle kulturfeltet i Sogn og Fjordane er det behov for vidare analysar på kor viktig kultur er for dei som bur her, dei som vurderer å busetja seg her og dei som ikkje ynskjer å busetja seg her. Dette kan m.a. gjerast gjennom å

- Vidareutvikle dialog og samhandling kulturaktørane imellom
- Dialog med staten om sentraliseringstendensen av kulturpolitikken og samhandlinga mellom stat/fylke/kommunar
- Ha fokus på kulturen si rolle i samfunnsutviklinga
- Satse på verdiskaping bygd på kulturarvverdiar

## 8 Samferdsle

### Fylkeskommunen som heilskapleg transportpolitisk aktør

I oktober 2010 vedtok fylkestinget Strategisk samferdsleplan for Sogn og Fjordane. Planen omhandlar tema innanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Gjennom forvaltningsreforma har fylkeskommunen fått ei ny og utvida rolle som ein meir heilskapleg transportpolitisk aktør. For å fylle den rolla er det behov for å opparbeide eit kunnskaps- og vedytksrunnlag, som er avgjerande for at fylkeskommunen skal klare å ta eit strategisk ansvar for forvaltning av fylkesvegnettet og kollektivtransporten i fylket. I tillegg er dette viktig for å legge til rette for næringslivet sine behov og for å kunne utvikle robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar. For å fylle rollen som heilskapleg transportpolitisk aktør, er det også viktig at vi har fokus på samferdsletema som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Dette kan skje gjennom utarbeidning av ein regional transportplan som tek føre seg heile bredda av transportpolitiske spørsmål.

### Riksvegnettet

Etter forvaltningsreforma har staten ansvaret for om lag 20 prosent av vegnettet i fylket (riksvegane). Riksvegnettet har om lag 55 % av all trafikken i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har ikkje avgjerdsmynde på dette vegnettet, men har høve til å gje fråsegn til staten sine prioriteringar. Gjennom handsaming av Nasjonal transportplan har fylkeskommunen prioritert snarast mogleg utbetring av E16 fra Bergen til Oslo og E39 fra Kristiansand til Trondheim. Vestlandsrådet har prioritert ferjefri Kyststamveg E39 som det viktigaste samferdsletiltaket på Vestlandet. Samferdsledepartementet og Statens vegvesen v/Vegdirektoratet har etablert eit prosjekt for ferjefri E39. I dette prosjektet vert det sett både på teknisk avanserte løysingar for fjordkryssingar og finansieringsløysingar for heile prosjektet. E39 er definert til å vere eit nasjonalt nord – sør samband med landsdelsfunksjonar der målet er å korte ned reisetida vesentleg i høve til i dag. Dette treng ikkje å vere i samsvar med lokale mål og behov for ein gjennomgåande transportkorridor i Sogn og Fjordane.

### Fylkesveg

I desember 2009 vedtok fylkestinget handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 – 2013. Handlingsprogrammet tok utgangspunkt i følgjande føringer gitt av hovudutval for samferdsle:

- Sikre viktige tilførslevegar på fylkesvegnettet inn mot stamvegnettet.
- Gode kommunikasjonar innan ulike arbeids-, bustad- og serviceregionar.
- Effektive vegsystem for framføring av gods og kollektivtransport i Sogn og Fjordane.
- Sikre tilkomst(kommunikasjon/infrastruktur) til utsette kommunar og samfunn.
- Legge til grunn visjonen om at det ikkje skal skje ulukker med drepne eller livsvarig skada i transportsektoren.
- Nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.
- Legge til rette for miljøvennleg kollektivtrafikk som når alle kommune- og skulesentra gjennom langsiktig satsing på infrastruktur.
- Satse på tiltak som reduserer dei negative effektane av klimaendringar på det daglege transportbehovet.
- Byggje gang- og sykkelvegar.
- Sikre rasutsette vegar.

Tidlegare fylkeskommunale prioriteringar knytt til investeringar på vegnettet vart likevel det mest førande for utarbeidingsa av handlingsprogrammet.. Det har gjort at store prosjekt som Bremangersambandet II (Fv 616 Langesjø – Kolset) og Dalsfjordsambandet no er under gjennomføring. I tillegg er Fv. 60 Olden – Innvik prioritert. Investeringsbehovet på fylkesvegnettet er stort. Under arbeidet med handlingsprogrammet 2010 – 13(19) vart det gjennomført ei kartlegging av aktuelle nye fylkesveganlegg til om lag 15 mrd. kr. På fylkesvegnettet har vi hatt eit stort forfall over lang tid. Gjennom handlingsprogrammet er det prioritert å stoppe forfallet – forfallet skal ikkje auke i høve til det nivået vi har i dag. Dårleg standard på vegnettet er likevel ei utfordring. Det er nødvendig å gjennomføre tiltak for å betre standarden på vegnettet ut over det å stoppe forfallet.

### **Kollektivtrafikk/skuleskyss**

Reisevaneundersøkinga 2009/10 viser at 89 % av dei som er busett i fylket har tilgang på bil. Undersøkinga viser og at halvparten av befolkninga i fylket har eit kollektivtilbod med avgangar sjeldnare enn ein gong i timen på dagtid. For landet sett under eitt er andelen 20 prosent. Så mange som ein av fem i fylket veit ikkje kor mange avgangar det er. Om lag ein fjerdedel av innbyggjarane i fylket har eit kollektivtilbod som er klassifisert som svært dårlig (ikkje noko kollektivtilbod innan 1,5 km frå bustad, eller avgangar sjeldnare enn annankvar time og 1-1,5 km til haldeplass). 80 % av befolkninga i fylket bur innafor 500 meter avstand til ein busshaldeplass, noko som er eit godt utgangspunkt for kollektivtransport med buss. Utfordringa er utbetring og opprusting av vegnettet slik vi kan styrke tettstadane og lokalsamfunna innafor større bu og arbeidsområde. Det därlege kollektivtilboden kan delvis forklare at så stor del av befolkninga har tilgang på bil. Den store andelen bil i fylket medfører også auka behov for drift og vedlikehald av vegnettet i fylket.

Busette i Sogn og Fjordane reiser i snitt om lag 4 mil pr. dag. Litt over halvparten av alle reiser som innbyggjarane i fylket gjennomfører, skjer som bilførar. Undersøkinga viser at berre 3 prosent av reisene skjer med kollektive transportmiddel. Det vil vere ei utfordring å få fleire til å reise kollektivt.

Etter opplæringslova har elevar i grunnskulen og i vidaregående opplæring rett på fri skyss. Fylkeskommunen har ansvaret for å organisere skuleskyssen. Den er dimensjonerande for tal bussar i Sogn og Fjordane. Om lag 90 % av den totale bussparken er knytt opp til gjennomføringa av skuleskyssen. Det er sett i gang eit treårig prøveprosjekt med auka rutefrekvens i Førde-regionen og Sogndals-regionen. I tillegg er det innført rimelegare bybuss i Førde.

I tillegg til skuleskyss og ordinær rutetrafikk er det etablert spesielle transporttilbod retta mot ungdom som "Trygt heim for ein 50-lapp, Lokale transporttilbod for ungdom, Ungdomskort og Fleksibel skuleskyss. Desse tilboda er ikkje lovpålagde, men innført for å legge transporttilbod betre til rette for ungdom. Det er og eigne transporttilbod retta inn mot rørslehemma (Tilrettelagt transport) og inn mot eldre (Serviceskyss)

### **Regional luftfart**

Fylket har fire flyplassar på kortbanenettet som vart etablert og lokalisert ut i frå den infrastrukturen som var på det tidspunktet. Infrastrukturen, særleg på vegsida, har endra seg vesentleg i Sogn og Fjordane dei siste 20 - 30 åra. Reisetida internt i fylket er, som resultat av betra infrastruktur, vesentleg innkorta. Dei fire flyplassane i fylket er godt geografisk spreidd og representerer kvar for seg eit viktig samferdsletiltak for innbyggjarane og nøkkelverksemder i store deler av fylket.

Det er stadig endringar i veginfrastrukturen, både internt i fylket og til frå fylket, som påverkar folks reisemønster. Om dette kan, eller bør få for konsekvensar og for dei regionale lufthamnene i fylket, er ikkje vurdert. I 2012 opnar Kvivsvegen, noko som kan medføre endringar i trafikkmønsteret, særleg på Sandane lufthamn – Anda. Folk på nordsida av Nordfjorden vil med ferjefritt samband om Kvivsvegen, få lett tilgang til flytilboda frå Ørsta/Volda. Ei anna problemstilling er storleiken på flyplassane og kva det gjev av avgrensingar i høve utanlands trafikk og ulike transportbehov for næringsliv og reisevanar for innbyggjarane. I dag er det berre Florø som kan ta ned fly med maks 50 passasjerar. Dei andre flyplassane er kortbaneflyplassar som kan ta ned fly med maks 30 passasjerar. Samferdsledepartementet slo i 2006 fast at strukturen på dei regionale lufthamnene vil stå fast med mindre det vert teke eit lokalt initiativ til å endre dette.

Det er få flytypar som kan flyge på det regionale kortbanenettet. Den flytypen som Widerøe har på kortbanenettet er gått ut av produksjon. Det er vanskeleg å finne tilsvarande fly til erstatning for flyparken som m.a. Widerøe har i dag. Samferdsledepartementet har uttalt at med eit godt vedlikehaldsprogram på dagens flypark, vil Widerøe sine fly kunne vere i drift i 15 – 20 år før ei vert tekne ut av trafikk. Avinor er i ferd med å sjå moglegheitene for utviding av rullebanar frå 800 meter til 1200 meters lengde. Med lengre rullebanar kan det settast inn større fly.

## Sjøtransport

Transport til sjøs betyr mykje for aktivitetane i fylket, samtidig som ei stor mengde sjøtransport langs kysten og representerer ein stor miljørisiko. I arbeidet med analyse- og utfordringsdokumentet er det ikkje gjort noko forsøk på å kvantifisere eller beskrive dette området nærrare. I ein vidare dialog med aktuelle aktørar vil det vere viktig å få fram status og vidare utvikling av dei områda Vestlandsrådet peika på som utfordringar for sjøtransporten i sist høyring til NTP. Der vart det peika på behov for:

- Fokus på trygg og sikker sjøtransport
- Realisering av Stad skipstunnel
- Standardkrav for drift av stamvegferjene
- Fornying av ferjeflåten
- Sjøtransport som ein viktig transportveg for utanriks godstransport
- Hamnestrukturen på Vestlandet
- Oppfølging av Nordleg Maritim Korridor

## Klimautfordring og samferdsle

Rapporten frå FN sitt klimapanel slår fast at klimautviklinga krev ein offensiv miljø- og klimapolitikk. Det er difor viktig med god koordinering og samordna satsing mellom ulike transportberalarar som flytrafikk, vegtrafikk og sjøtransport. Flytrafikken sin plass i fylket framover bør difor vere gjenstand for ein del av arbeidet med ein regional transportplan, både for å sjå det i samanheng med andre regionale tiltak, og for dialogen mot staten i høve det nasjonale NTP-arbeidet.

Det er tidlegare og reist spørsmål omkring incentiv for at transportsektoren kan vri bruken av drivstoff over mot naturgass. Vi har ikkje gjort nærrare vurdering av dette i denne omgang.

Kollektivtilbodet (både båt og buss) i fylket er eller er i ferd med å bli konkurranseutsett gjennom anbod. All båttransport i Sogn og Fjordane vil vere i drift etter anbod frå 1.5.2012. Gjennom anbodskonkurranse på hurtigbåtrutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen vil oppnå ein reduksjon av CO<sub>2</sub> med om lag 40 % på grunn av krav om nye båtar med sist tilgjengelege miljøteknologi. Arbeidet med anbodsutsetting av bussrutetilbodet er sett i gang. Her vil det bli stilt krav om reduserte utslepp.

## Planutfordringar knytt til samferdsle

Samferdsle er trekt fram som eit viktig område/verkemiddel for å nå andre mål for samfunnsutvikling i fylket. Det er difor naturleg å sette fokus på samferdslerelaterte problemstillingar i arbeidet med regional planstrategi. Dette kan gjerast gjennom å utarbeide ein regional transportplan for m.a. å sette fokus på samferdsletema som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Ein regional transportplan vil også vere viktig grunnlag for framtidige innspel til arbeidet med Nasjonal transportplan og ved revisjon av handlingsprogram for fylkesvegnettet.

Gjennom arbeidet med regional planstrategi og ein regional transportplan bør m.a. følgjande viktige tema drøftast:

- Korleis nytte samferdsle som verkemiddel for å oppnå ei ønska samfunnsutvikling? Kva samfunnsutvikling ynskjer ein i fylket og korleis kan samferdsle som verkemiddel nyttast for å nå denne utviklinga?
- Korleis kan samferdsle spegle fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør?
- Kva samferdsleprosjekt er viktig for å utløyse potensiale for ny verdiskaping?
- Er det potensial for å få meir gods frå veg til kjøl? Skal sjøtransport og hamn vere sentrale tema?
- Kva for mål og strategiar ynskjer ein for å styrke koplinga mellom land- og sjøtransport, jf NTP.
- Fylket ynskjer å skape meir velfungerande bu- og arbeidsmarknadsregionar. Er det samsvar mellom pendlestraumane og utviklinga av bu- og arbeidsmarknadsregionane, og korleis kan vi påverke desse gjennom tiltak innan samferdslesektoren?
- Kva veggtiltak vil best sikre vekst og utvikling i fylket og som reduserer reisetida?
- Kva kan fylket bidra med for meir miljøvennlig transport.
- Kor viktig er samferdsletiltak for næringsutviklinga i fylket og kva behov har næringslivet for samferdsletiltak?
- Korleis finansiere framtidige samferdsletiltak?

## 9 Næring

### Næring som indikator for utvikling

Nest etter tal for folketalsutvikling, er utvikling av arbeidsplassar ein viktig indikator for regional utvikling. NOU 2011:3 om kompetansearbeidsplassar slår fast at arbeidsplassar er den aller viktigaste faktoren for val av bustad. I ein allsidig arbeidsmarknad er og offentlege arbeidsplassar viktige.

Fylket er næringmessig prega av at det er få større bykonsentraser og rik tilgang på naturressursar. Naturbaserte næringar (jordbruk, fiske og fiskeoppdrett) står sterkt med over dobbelt så høg del av dei sysselsette som landsgjennomsnittet. Metallbearbeidande industri har og ein sterk posisjon i fylket. Ulike forretningsemessige tenester har berre halvparten så høg del av dei sysselsette som gjennomsnittet i landet.

Fylkeskommunen med god støtte frå “partnarskapen” har over lang tid helde fast ved ein strategi som går på:

- Bransjesatsingar basert på konkurransesfortrinn (komparative fortrinn).
- Fornying av næringslivet gjennom ei etablerarsatsing (frå skulealder til unge etablerarar)

### Komparative fortrinn

Ei hovudutfordring er å auke kompetanselementet / foredlingsgraden. Prosjektet ”kunnskapsbasert Sogn og Fjordane” peikar på dette som avgjerande for å sikre auka produktivitet. Sidan dei viktigaste fortrinna for næringsutvikling er å finne i naturressursar, er god avklaring ”næring kontra vern” svært viktig.

Fiskeri og havbruk. Næringa gir betydelege eksportinntekter og har såleis stor nasjonal betydning. Fylket har mellom anna ein styrke innan linefiske. Oppdrettsnæringa har ei stor oppgåve vidare med å utvikle gode miljøretta løysingar med omsyn til rømming, sjukdom og lakselus. Forvaltinga har oppgåver innan avklaring av tilgang til eigna areal og avveging av interessekonfliktar. Det er oppretta eit overvakningsprogram for nasjonale laksefjordar, som vil danne grunnlag for evaluering av ordninga.

Olje / gass. Næringsaktiviteten er dels bestemt ut frå konsesjonsvilkår som det politiske miljøet i fylket må vakte. Det er viktig å utvikle driftsmiljø i fylket både for å få attraktive kompetansearbeidsplasser (nemnd i ”Soria Moria”) og for å få kort veg til lokale underleverandørar. Ein marknad som no opnar seg er avvikling av installasjonar.

Fornybar energi. Fylkeskommunen har i 2010 utarbeida to regionale planar (vindkraft / vasskraft) og ein [strategi for ei næringssatsing](#).

Legg vi nok kraft inn i innsatsen for å ta posisjonen som energifylke nr 1?

Fylket har over lang tid satsa på reiseliv. Framleis er produktivitet / lønsevne låg. Klarar vi å utvikle høgrissegment basert på unike naturkvalitetar?

Innan tradisjonelt landbruk vil vi trekke fram ”Arena-prosjektet” innan frukt og bær som ei satsing på ”fortrinn”. Fylket har relativt høg landbrukssysselsetting. Har landbruket i fylket fleire ”konkurransesfortrinn” eller handlar landbrukspolitisk innsats om å ivareta interesser i ”ei politisk næring”? Globalt må matproduksjonen aukast kraftig. Aktiv beitebruk gir flotte kulturlandskap som eit fellesgode både for fastbuande og tilreisande.

I prosjektet “eit kompetansebasert Sogn og Fjordane” (<http://kbsfj.vestforsk.no/>) har forskarane peika på at fylket også bør vurdere desse tre områda for vidare satsing:

- Det maritime miljøet som del av miljøet på Sunnmøre.
- “Byggenæringer”/treforedling (av di fylket skil seg positivt ut) og det vert tilrådd ei satsing på interiør / design.
- Fylket vert vidare tilrådd ei satsing i skjeringspunktet informasjonsteknologi / digital samhandling / kunnskapsbaserte tenester. Det vert m.a. peika på fortrinnet “attraktiv natur” som grunnlag for rekruttering av nøkkelarbeidskraft / stadval for etableringar der samhandlinga mellom bedrifter og til kundar skjer digitalt.

## Kulturnæringer

Sogn og Fjordane er eit av fylka som har lågast tal sysselsette innan kulturnæringerne. Samtidig er utviklingspotensialet for ein del av denne næringsutviklinga knytt til å utvikle nye og unike produkt ved og bygge på tradisjonar og den kulturelle arven. Det er her vi finn det ekte og spesielle. Utfordringa ligg i å ta i vare og omsetje lokale tradisjonar og kulturarv som produkt og tenester. Men sjølv om vi ligg lågt i tal sysselsette var det i perioden 2000 – 2005, ei auke i fylket med 33 %. Dette var dobbelt så høgt som nest beste fylke, og kan vere ein indikator om at her ligg eit uforløyst potensial om ein satsar riktig.

## Landbruket

Landbruket har ei spesiell stilling i fylket fordi det i tillegg til næringsaspekta og har stor innverknad på å ivareta lokal busetnad, ta vare på kulturlandskap og sikre måla om å ta i bruk lokale ressursar. I vedlegget er det presentert til dels omfattande statistikk som omhandlar status og utvikling av landbruket i fylket.

## Utfordringar for vidare utvikling

Med utgangspunkt i vurdering av komparative konkurransefortrinn føl naturleg;

- Ei satsing på forsking og utvikling som bygger opp under prioriterte satsingar; marint, fornybar energi, reiseliv og landbruk ([Fou-strategi frå 2010](#)).
- Utvikling av kompetansearbeidsplassar krev god infrastruktur, både innan samferdsle og breiband og her har fylket store utfordringar. I [NOU 2011:3](#) peikar ekspertutvalet på behovet både for å delta internasjonalt og for å knyte saman større bu- og arbeidsområde.
- Det offentlege har eit stort eigarengasjement innan vasskraft. Lokalt eigarskap har synt seg som viktig i fiskeri- og havbruksnæringa og er eit viktig tema i småkraftsatsinga. Fjord Invest Såkorn ser ut til å bli eit viktig verkemiddel og ein bør vurdere å prioritere temaet høgare
- Internasjonalt arbeid; både for å få impulsar, men også for å påverke regelverk.

Kva er dei viktigaste utfordringane som no bør prioriterast både m.o.t. planarbeid i fylket og der samspel med nasjonale, nabofylke og eller kommunale styresmakter er særleg viktig?

Noko kan vi arbeide vidare med utan tung ny planinnsats.

- Ny reiselivsplan er t.d. nyleg vedteken. Iverkettingsarbeidet finn no si form
- Det vert snakka om Sogn og Fjordane som “fornybarfylke nr 1”. Næringsstrategien vedtatt i 2009 er framleis relevant. Gjennom to fylkesdelplanar har vi teke overordna stilling til viktige konflikter som ligg i arealbruken i fylket. Saman med OED sitt vedtak om å bygge ny line og NVE sin plan om å starte handsaming av

vindkraftsaker/småkraftsaker (frå hausten 2011) i fylket, vil det bli naturleg å fokusere på oppfølging av det arbeidet ein allereie har gjort.

Er dette dei viktigaste næringsplanoppgåvane no?:

- Havbruksnæringa og tema knytt til miljø, arealtilgang og ressursforvaltning. (Eit ekspertutval nedsett av Fisker- og kystdepartementet har nyleg kome med framlegg til store endringar innan lokalisering og forvalting innan havbruksnæringa.)
- Utvikling av kompetansearbeidsplassar basert på komparative fortrinn og med nemnde NOU 2011:3 som inspirasjonskjelde.
- Fylkeskommunen har gjennom forvaltningsreforma fått eit større ansvar i høve landbruksnæringa og utmarksressursane. Treng vi eit planverk som basis for arbeidet i høve næringa? Eksisterande [fylkesdelplan for landbruk](#) vart godkjent av Fylkestinget 10. desember 2002.

## 10 Klima

### Fylkesdelplan for klima og miljø

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedtatt i Fylkestinget i mars 2009. Hovudmålsettingar og strategiar i klimaplanen står seg framleis godt i høve til nasjonale klimamål. Regjeringa kjem med ei ny klimamelding til hausten, og det vert også gjennomført ei rullering av klimaplanen sin tiltaksdel til hausten.

Ein viktig fortrinn med Fylkesdelplan for klima og miljø at handlingsprogrammet i planen er konkret på tiltak og ansvar innanfor dei ulike sektorane. Dette gjer oppfylgingsarbeidet med planen lettare, og det vert gjennomført eit systematisk oppfylgingsarbeid. Utfordringar at alle tiltaka ikkje er målbare nok, nokre av tiltaka inneber berre å følja norsk lov, medan andre kanskje ikkje har betydning for dei reelle klimagassutsleppa.

For å evaluera og rullera tiltaka om utsleppsreduksjon arbeidar fylkeskommunen i eit FoU-prosjekt med Vestlandsforskning. Gjennom dette FoU- oppdraget vil ein utvikla eit system for rapportering på klimaarbeidet i den fylkeskommunale verksemda.

I høve klimatilpassing gir den nasjonale NOU'en "NOU 2010:10: *Tilpassing til eit klima i endring*" og Vestlandsforskning/ KS sin FOU- rapport om "*Klimaendringenes konsekvenser for kommunal og fylkeskommunal infrastruktur*" mykje oppdatert informasjon om behovet for klimatilpassing i Norge og Sogn og Fjordane. Desse dokumenta vi vera sentrale i rullering av klimaplanen sin tiltaksdel.

Det er ei utfordring å forholda seg til ein nasjonal klimapolitikk som er til dels sprikande i høve utsleppsreduksjon og klimatilpassing, og det er behov for ein meir heilskapleg klimapolitikk.

### Klima og klimatilpassing

Klimaendringar er eit globalt problem. For å motverke dei negative konsekvensane må alle land bidra til å redusere eigne klimagassutslepp innan alle sektorer, gjennom m.a. bruk av "grøn" teknologi, utvikling av fornybar energi og reduksjon av energiforbruk. Noreg støttar opp om EU sitt fornybardirektiv, som mellom anna set ambisiøse mål for utvikling av fornybar energi. I Sogn og Fjordane har vi store naturgitte føresetnadar til å bidra med vasskraft og vindkraft. I tillegg har fylket store utfordringar med omsyn til utslepp frå transportsektoren.

Klimautfordringane i dag og i framtida er på mange måtar kontekstavhengige. Kva delar av samfunnet vårt som klimaendringane vil vera eit trugsmål for, er avhengig av kva for verdiar vi har sett høgt i samfunnet. Sogn og Fjordane er høvesvis godt rusta til å møte klimautfordringa samstundes som klimaendringane gjev fylket vårt betydelege utfordringar, særleg med tanke på auka skred-/rasfare, auka fare for flom, havnivåauke og trugslar mot forsyningstryggleiken (NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring).

Nokre viktige spørsmål å ta med seg vidare er; kva er dei store klimautfordringane i dag og i framtida? Kva betyr klimaendringane for Sogn og Fjordane som samfunn? Vert det naudsynt å endra måten vi lever og er organisert på i dag, dersom vi skal skapa eit berekraftig samfunn i framtida? Kva vil endringar i den internasjonale marknaden få å seie for Sogn og Fjordane? Korleis er fylket tilpassa mogleg endring i energitilgang? I kor stor grad kan vi vera sjølvforsynte? Korleis kan vi posisjonere oss for framtida og kva rolle skal vi som region og fylke ha i ei berekraftig utvikling? Er det mogleg å vise ein ny veg inn i framtida?

## Utsleppsreduksjon

Sogn og Fjordane er eit fylke som er svært avhengig av transport og at transportsystema fungerer godt. Ei hovudutfordring er at denne transporten i for stor grad er basert på fossilt brennsele. Det er grunn til å tru at drivstoff basert på fossile kjelder vert dyrare og mindre tilgjengeleg i framtida. Dette stiller nye krav til korleis vi transporterer oss. For å kunne oppretthalda busettinga i fylket vårt, i ei verd der dyrare transport kjem i tillegg til aukande sentraliseringsspress, er det naudsynt å finna/utvikla alternative og fornybare transportmetodar.

Endra transporthøve og endra føresetnadjar for landbruk som følgje av klimaendringar, kan gjera det sannsynleg med eit auka behov for sjølvforsyning i Noreg. Fylket har gode føresetnadjar for sjølvforsyning ettersom det tradisjonelt er eit jordbruksfylke og eit fylke med mange naturressursar. Ei utfordring vert å definere kva som er best forvalting av desse resursane.

## Klimatilpassing

Omfangen av klimatilpassinga vil vera avhengig av om ein lykkast med å redusere klimagassutsleppa. Lukkast ein ikkje med å redusere klimagassutsleppa vert regionale oppgåver knytt til klimatilpassing meir omfattande.

NOU om “*Tilpassing til eit klima i endring*” og Vestlandsforsking/ KS sin FOU om “*Klimaendringenes konsekvenser for kommunal og fylkeskommunal infrastruktur*” gir mykje informasjon om behovet for klimatilpassing i Norge og Sogn og Fjordane. Ei utfordring er at det ikkje er sikkert korleis klimaendringane vil slå ut. Eit hovudtrekk peikar seg likevel ut: meir ekstreme værforhold vil setta høgare krav til beredskap, infrastruktur og sikkerheit knytt til forsyning.

Bygningar og vegar er område med stort vedlikehaldsetterslep. Vedlikehaldsetterslepet aukar sårbarheita i samfunnet for klimarelaterte skader.

Klimaendringane vil stilla nye krav til kommunane og det vil vere ei utfordring for kommunane å ha kapasitet og kompetanse til å møte desse. Det er i dag lite resursar til arbeidet med klima og miljø i kommunane. Korleis får kommunane tilgang på verkemiddel og verktøy som gjer dei i stand til å integrere klimatilpassing i arealplanlegginga og organisering av tenester og verksemder?

Det er ikkje berre dei fysiske klimaendringane fylket må tilpasse seg, men og moglege endringar i internasjonal og nasjonal politikk (som f.eks. dyrare bensin, elektrisitet, meir fortetting og sentralisering).

Tryggheit i eit samfunn bidreg til å skape bulyst. Klimaendringane vil vera eit trugsmål mot tryggheita i alle samfunn. Gjennom å vise at Sogn og Fjordane er eit fylke som er godt rusta og førebudd til å tilpassa seg dei endringane ein står ovanfor, kan ein gjera fylket meir attraktivt for innbyggjarar og tilflyttarar. Ei utfordring vert å sjå på korleis fylket kan oppretthalda gode basistilbod sjølv når ein står ovanfor store utfordringar.

## Korleis er fylket tilpassa mogleg endring i energitilgang?

Sogn og Fjordane har stor grad av sjølvforsyning av fornybar energi, noko som stiller fylket i ein privilegert situasjon. Fylket ser og på mulighetene for å utnytte vind som ny energiresurs. Ei utfordring er at fornybardirektivet og andre klimamål kan bringa med seg press på energiutbygging og påtrykk om økt utbygging av fornybare energikjelder (nasjonalt og fra utbyggjarar). Korleis kan fylket då forvalta desse resursane på ein god måte? Korleis gje tilgang til naturresursane i fylket utan at det går ut over anna lokal verdiskaping? Korleis kan dei fornybare resursane verta ei kjelde til lokal verdiskaping, auka bulyst og investering?

## 11 Arealbruk / natur / miljø og ressursforvaltning

### Arealbruk

Det er ei klar føring i fylkesplanmeldinga om å vidareføre målet i fylkesplanen: *"verdiskapinga må styrkast gjennom å ta heile fylket i bruk og nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte. Fylkeskommunen ynskjer å vere meir tydeleg på sitt ansvar for å forvalte den storslätte og særprega natur- og kulturarven i fylket. Fylkeskommunen vil derfor prioritere å bruke verkemiddel inn mot innovative program og prosjekt som er godt forankra i kommunane sine plan og strategiar for verdiskaping basert på natur- og kulturværtane."*

I 2000 vart det vedteken ein fylkesdelplan for arealbruk. Fylkesdelplan for arealbruk inneheld retningsliner for arealforvaltninga i kommunale arealplanar. T.d. er fylkeskommunale tilskotsordningar for tettstadforming og strandsoneanalyse forankra planen. I tillegg ligg reglane for etablering av kjøpesenter her. Fylkesdelplanen for arealbruk har vore eit nyttig verkty for fylkeskommunen i deira rettleiing i høve kommunane, men det er ikkje gjort noko systematisk evaluering av dagens fylkesdelplan for arealbruk. Det vil vere naturleg at ein i samband med drøfting av strategiar vurderer å rullere planen og tilpassar den til å løyse nye utfordringar.

Tradisjonelt har ein kanskje ikkje sett på fylket vårt som ein stad der ein slit med miljøutfordringar. Med eit auka press på naturressursar vil miljøkonfliktane kunne auke. Det er behov for en kunnskapsbasert forvaltning slik at naturresursane kan nyttast på ein berekraftig måte. Korleis skal vi ta vare på dei store naturværtane, samtidig som vi kan bruke dei på ein berekraftig måte? Presset på dei i samband med m.a. arealbruk i sjø, uttak av mineralressursar og utbygging av vasskraft og vindkraft, vil auke. Heilskapleg kunnskapsbasert kommuneplanlegging vil vere eit sentralt verktøy der fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle som rettleiar, samordnar og samarbeidspart med fagleg og økonomiske verkemiddel.

### Stort landskap – små stader

Landskapet vårt – frå havet i vest til fjella i aust er særskilt, rikt og har påverka den einskilde i deira kvardag. Landskap og klima er differensiert og ope for individuelle og subjektive val. Landskapet, lokalt klima og naturgitte tilhøve har vore sentrale vilkår for å lokalisere, utforme og utvikle våre stadar med styrka identitet og med fridom til å velje det gode liv.

Dette gjev kvar stad sær preg og identitet. Sentralisering og repetisjon (etterlikning) kan svekke relasjonar og stadane sine spesialitetar og menneska vert utsett for meir lik og generell kvantitativ behandling, utforming og utvikling.

Utfordringa er å sjå natur, landskap og klima som primære, allmenne verdiar og som bakgrunn for all handling. Stadar med sær preg, spesialitetar og identitet styrkar kvarandre og i sum styrkar fylket med valfridom i relasjon til det å bu og leve.

Kva er kontrastane vi har i høve store byar? Utfordringa er å skape samfunn med verdiar på naturgitte premissar, som er motstykke til byen. Styrke desentraliseringstanken, sjå subjektet før objektet og skape mangfold og spesialiserte stadar i eit differensiert landskap. Fylket sin strategi for overleving er då å styrke det motsette av sentralisering og urbane liv.

I Sogn og Fjordane er naturelementa, landskap og klima (veret) felles verdiar og bakgrunn for stadane. Naturelement har i stor grad bestemt utforming og utvikling til stad og lokalsamfunn og er verdiar vi må ta med oss vidare inn i utviklinga.

## **Bruk og vern**

Eit viktig konkurranseføremoen for næringsutvikling har sitt utgangspunkt i naturressursane våre. Temaet omfattar reiseliv og kultur- og naturarven, ressursforvaltning og satsing på energi, havbruk, fiskeri, landbruk og mineralressursar.

Bruk og vern har i seg mange utfordringar i fylket. Vern handlar om naturvern, naturmangfald, miljøvern, biologisk mangfald, jordvern, vassdragsvern, rovdyrvern, bygningsvern, vern av bygnings- og tettstadsmiljø, kulturlandskap og kulturminner. Sogn og Fjordane har eit stort ansvar for å sikre ei bærekraftig utvikling og med det å ta vare på verdiar og tradisjonar.

Fylket har store og mange verneområde. I vernearbeidet er det viktig at det er rom for nytenking, bærekraftig bruk og kommersialisering. Dette er føresetnadar for individets og lokalsamfunnets evne til overleving, utvikling og attraktivitet. Næringsutvikling og etablering av arbeidsplassar må kunne skje i alle deler av fylket.

Skal ein få til ei god kombinasjon av bruk og vern er det behov for ei heilsakleg og samla forvaltning med tydelig styring. Fragmentering av forvaltninga kan verke negativt på skaparglede og lust til å etablera seg. Fleire vel å besøke Sogn og Fjordane framfor å bo her. Det trenger ikkje vere noko motsetnad mellom bruk og vern, men målet må vere at ein gjennom å verne det unike og attraktive, kan skape grunnlag for ny utvikling.

Dei store natur og kultirkvalitetane i fylket er sett under press og det vil vere avgjerande for utviklinga at vi klarar å styre den for å sikre bruk og bevaring på ein god og framtidsretta måte.

## **Friluftsliv, vilt og innlandsfisk**

Fylket har stor aktivitet innan friluftsliv og er ein viktig identitet for folk i fylket. Det er derimot gjort lite for å bygge opp kunnskap og forståing for korleis friluftsarealet vert nytta og kor viktig dette er for den daglege opplevinga av trivsel.

På 1980-talet vart friluftsområde, i alle kommunane, kartlagt gjennom FRIDA-registreringa. Denne registreringa er ikkje systematisk oppdatert og supplert, og mykje har nok endra seg sidan den vart laga. Vi har heller ikkje noko systematisk oversikt over fiskevatn (og elvar). Viltområde er til ein viss grad kartlagt av kommunane (vilt- og biologisk mangfaldkartleggingar).

Kunnskapen om friluftsområde er altså mangelfull. Dersom vi skal ta vare på friluftsområde som ein ressurs for trivsel, folkehelse og næringsaktivitet, er dette problematisk (jamfør m.a. fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse og Reiselivsplanen "Fjordane frå bre til hav"). Som døme kom det i samband med Regional plan for vindkraft inn fleire høyringsuttaler som er kritiske til FRIDA og kvaliteten av data som ligg der. Innan dette feltet er representerer friviljuge lag/organisasjonar mykje kunnskap om bruk og kvalitative element som i større grad må nyttast som eit grunnlag for forvaltningsmessige avgjerder.

## 12 Kommunale, interkommunale tema


### Felles bu - og arbeidsmarknadsområde

Pendlarstraumane viser at det i dag er to tydelege bu - og arbeidsmarknadsregionar i fylket. Rundt Førde og rundt Sogndal.

I andre deler av fylket er det og ein god del pendling, men der mønstra er mykje svakare enn i desse områda. Kva for utfordringar gjev dette? Både i hove interkommunalt samarbeid og press på infrastrukturen? Er det manglante infrastruktur som gjer at ein ikkje har fleire slike regionar, eller er det andre drivkrefter som styrer dette? Er det eit mål at vi skal ha fleire felles regionar, og i kva grad kan dette i så fall gå ut over kommunane sine eigne prioriteringar og oppleving av sjølvstyre.

#### Pendlingsmønster 2009

Frå Luster til Sogndal +450  
 Frå Leikanger til Sogndal +217  
 Frå Flora til Førde +396  
 Frå Gaular til Førde +531  
 Frå Jølster til Førde +540  
 Frå Naustdal til Førde +698



I ein diskusjon omkring bu- og arbeidsmarknadsregionar vil regionsenterfunksjonar vere ein viktig del av diskusjonen. Er det slik at etablering av spesielle funksjonar er viktige for å stimulere slike regionar. Kva for regionfunksjonar er i så fall det, og korleis få eit samarbeid på tvers av kommunane for slike etableringar? Føremålet med å drøfte dette må vere for å finne ut av korleis felles bu- og arbeidsmarknadsområde kan styrke utviklinga i dei aktuelle kommunane og fylket som heilheit. Kanskje er det slik at der spesielle aktivitetar, verksemder og næringar som profitterer mest på slike regionar. Fungerer dei etter føremålet skal dei bidra til å styrke både senteret for regionen og dei omliggande områda.

## Kommuneøkonomi

Sentrale økonomiske hovudtal viser at kommunane i Sogn og Fjordane i sum har ein mindre robust økonomi enn landsgjennomsnittet. Det er særleg høg gjeldsgrad og låge disposisjonsfond som skil seg ut. Utviklinga sett over dei siste fem åra, viser at fylket i slutten av perioden er nærmare landssnittet enn i starten av perioden. Det er stor ulikskap kommunane i mellom. Dette kjem først og fremst som følje av ulikt inntektsgrunnlag, særleg frå bruk og skattlegging av naturressursar.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene viser kva kommunane har att etter at tenester og netto finansutgifter er dekte, og kan enten nyttast til investeringar eller avsetjingar til seinare bruk. Det er viktig at kommunane gjennom eit positivt netto driftsresultat kan byggje opp framtidige reserver (buffer) for å eventuelt møte uføresette utgifter eller reduserte inntekter. Mål på ein sunn økonomi er eit netto driftsresultat på minst 3 %, då vil kommunen ha rom for vedlikehald av formuen

Utviklinga frå 2005 viser færre kommunar med akkumulert underskot, 11 i 2005 og 4 i 2009. Dette viser seg og i tal kommunar som er innmeldt i Robek-registeret, 16 kommunar i 2003/04 og 2 kommunar per oktober 2010.

Mykje av årsaka til at gjelda er så høg her i fylket må vi heilt tilbake til 1960 – 1970 for å forklare. Det vart då gjort store investeringar i kommunale anlegg, m.a. skular, og behovet for å låne har seinare vore oppretthalde. Det er store differansar mellom kommunane, Flora har ei gjeld som er 130 % av driftsinntektene medan Gulen ligg på 41 %. Det er òg ei utvikling at kommunane betalar prosentvis lågare avdrag i høve til gjelda, noko som betyr at lån blir seinare nedbetalt og sum renteutgifter aukar.

Disposisjonsfonda i kommunane er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering både i drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfonda seier difor ein del om storleiken på den økonomisk buffer kommunen har for drifta si. Kommunane i Sogn og Fjordane har i perioden hatt ein lågare økonomisk buffer enn gjennomsnittet for landet. Normtal for ein tilstrekkeleg økonomisk buffer er sett til 5 % av driftsinntektene. Det er ved utgangen av 2009 sju kommunar i fylket som ikkje har disposisjonsfond, det same som for 2008. I 2005 var det heile 11 kommunar som ikkje hadde slike fond.